

Kultur bygger samfunn

Regional plan for kultur 2023-2035 ☉

Årsplan 2026

Vedtatt av
hovudutvalet for
kultur, idrett og
inkludering
11.02.2026



Foto: Anne Kristin Kjærland/Vestland fylkeskommune

Innleiing

Årsplan for 2026 viser korleis Vestland fylkeskommune skal jobbe for å følge opp handlingsprogrammet for Kultur bygger samfunn - regional plan for kultur 2023- 2035.

Mål, delmål og strategiar i Kultur bygger samfunn - regional plan for kultur 2023-2035 gjeld for heile fylket. Planen gir retning til det breie kulturfeltet slik at kommunane, fylkeskommunen, staten, sivilsamfunn og kulturaktørar i Vestland kan samarbeide.

Handlingsprogrammet 2023-2026 gjeld i fire år og er utarbeidd i samarbeid med kommunar og kulturfeltet i Vestland. Det er eit felles ansvar å realisere tiltaka i handlingsprogrammet.

Årsplanar syner korleis fylkeskommunen jobbar for å følge opp handlingsprogrammet med konkrete tiltak. Desse tiltaka er knytt opp mot satsingar i budsjettet.

Utviklingsplan for Vestland 2024 - 2028 gir føringar for korleis regionale planar vert følgt opp. I utviklingsplanen er det varsla ei gjennomgang av plansystemet. Mange strategiar og temaplanar er difor sett på vent. Alle planar skal mellom anna korrespondere tett med utviklingsplanen. I lys av dette har vi valt å organisere tiltaka i årsplan 2026 for den regional plan for kultur under åtte kategoriar. Desse kategoriane er sentrale tema i sjølve planen og korresponderer godt med utviklingsplanen. Tiltaka i årsplanen skal også vurderast i arbeidet med nye regionale planar.

Fylkeskommunen har fleire kontinuerlege satsingar, som er viktige for rolla som samfunnsutviklar. Desse satsingane omfattar tilskotsordningar, kompetanse- og kunnskapsutvikling, og nettverk og partnerskap. Dei er svært viktige i oppfølginga av vedtekne mål i regional plan for kultur. I tillegg har fylkeskommunen ei viktig rolle som tenesteleverandør, som rettleiar og som høyringspart overfor kommunane og som høyringspart i nasjonale organ.

Kultur bygger samfunn - Regional plan for kultur



DELMÅL

- 1.1 Kulturelle kraftsenter skal utvikle regionale kvalitetar og ressursar
- 1.2 Vestland skal ha eit profesjonelt kulturliv på høgt nivå
- 1.3 Samarbeid mellom profesjonelle og frivillige aktørar, private og offentlege partar skal vere grunnlaget for satsing på topp og breidde
- 1.4 Vestland skal ha ein berekraftig kulturell infrastruktur med eit mangfaldig tilbod for alle
- 1.5 Ein offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå skal støtte opp om initiativ og satsingar i kulturlivet

- 2.1 Innbyggerane skal ha høve til å delta i og utvikle kulturlivet
- 2.2 Kulturlivet bygger på likeverd og mangfald, og skal motverke utanforskap
- 2.3 Vestland skal ha opne og inkluderande kulturarenaer
- 2.4 Kulturlivet skal styrkast gjennom samhandling

- 3.1 Kulturell verdiskaping skal bygge på profesjonalitet, samvirke og innovasjon
- 3.2 Berekraftig forvaltning av kultur- og naturarven skal vere basis for nyskaping
- 3.3 Kunstnarar og andre kulturaktørar skal kunne arbeide og leve av verksemda si
- 3.4 Kulturell verdiskaping skal styrkast gjennom utdanningstilbod og gode nettverk for kunnskaps- og erfaringsdeling

- 4.1 Kunnskapsproduksjon og forskning skal styrkast
- 4.2 Det skal leggjast til rette for forskning og kunnskapsutvikling i samarbeid mellom universitets- og høgskulesektoren (UH), offentlig forvaltning og kulturlivet
- 4.3 Det skal leggjast til rette for auka nasjonalt og internasjonalt kunnskapssamarbeid
- 4.4 Nettverk, klynger, regionale kompetansesenter og samhandlingsarenaer skal styrkast



Foto: Emmerense Kjerstad/Vestland fylkeskommune

Frå årsplan 2025 til 2026

Årsplanen frå 2025 er gjennomgått. Status for dei ulike tiltaka er oppdatert i eit eige dokument. Fleire tiltak er ferdigstilte, nokre går ut, og nokre er vidareført til 2026.

Årsplanen for 2026 følger same oppsett som årsplan 2025 og vert eit godt styringsdokument for fylkeskommunen si oppfølging av regional plan for kultur. Den legg til rette for gjennomføring og måloppnåing. Dessutan er årsplanen kopla sterkare til økonomiplanen.

Ny tilskotsstruktur legg opp til tydeligare samsvar mellom plan og økonomi der dei overordna føremåla drift, nyskaping, og investering har vore strukturerande.

Regional plan for kultur - Samanheng mellom plan, handlingsprogram og årsplanar

Regional plan (2023-2035)

1. Visjon
2. Hovudmål
3. Satsingar

Handlingsprogram (2023-2026)

1. Delmål
2. Strategiar for å nå delmåla
3. Vidare planarbeid

Årsplanar

1. Prioritert tiltak inneverande året
2. Fellesverktøy
3. Etablert teneste

Prioriterte tiltak 2026

1 Kultur for alle, frivillighet og lokaldemokrati

Inkludering og mangfold, attraktive lokalsamfunn, livskvalitet

1. Følge opp Fritidserklæringa Vestland og oppmode kommunar om å vedta lokale fritidserklæringar med mål om at fleire barn og unge skal kunne delta i fritidsaktivitetar.
2. Sørge for at ordninga for gratis utlån av fylkeskommunale bygg til fritidsaktivitet for barn og unge snarast mogleg i 2026 blir ein realitet i tråd med tydelege politiske vedtak i fylkestinget.
3. Evaluere og vidareutvikle Ung kultur møtes (UKM).
4. Følge opp prosjekt om musikkterapi i VGO 2024-2026 (Vidaregåande opplæring).
5. Samarbeide med fylkesbiblioteka i Rogaland og Møre og Romsdal om kompetanseheving på samtale og dialog i folkebiblioteka.
6. Sette i gang ei satsing på synleggjering av bibliotek og tiltak for folkebiblioteket som integreringsarena basert på kunnskapsgrunnlaget utarbeida i 2025.
7. Gjennomgå korleis pris verkar for deltaking i kultur, idrett, folkehelse og inkludering i Vestland, særleg for barn, unge og eldre. Det skal i medio 2026 leggst fram ei sak om korleis ein kan bygge ned tersklar for deltaking i slike tilbod, herunder ulike ordningar med gratis inngang eller større rabattar.

2. Infrastruktur, møteplassar og arena

Attraktive lokalsamfunn, fysiske omgjevnader

1. Revidere temaplan for anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i samarbeid med kommunane, idrettskretsen og andre relevante aktørar i tråd med nasjonale føringar.
2. Innarbeide prinsipp for nyskapande aktivitetsanlegg i tilskotsordningane.
3. Bidra til etablering av verdsarvsenter ved Urnes, Nærøyfjorden og Bryggen.
4. Jobbe vidare med eit formidlingssenter for Gulatinget.
5. Klargjere og flytte eldre og avslutta arkiv etter Hordaland fylkeskommune til Leikanger, og med dette deponere arkiva hjå Kommunearkivordninga i Vestland.
6. Flytte fylkeskommunen sine spesialsamlingar med fotografisk og audiovisuelt arkivmateriale, samt privatarkiv oppbevart i Bergen, til det nye arkivbygget på Leikanger.
7. Sørg for at rutepakkar som blir lagt ut på anbod har nok buss-, båt- og ferjeavgangar, slik at ungdom kan komme seg til fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveld, jf. tiltaksplan fritidserklæringa.
8. Vidareutvikle ordninga Lokaltransport for ungdom (LTU), for å styrke reisetilbodet for ungdom til og frå fritidsaktivitetar, jf. tiltaksplan for fritidserklæringa.

3. Samarbeid og nettverksbygging

1. Kulturkonferansen skal vere ein eigen årleg konferanse og kulturpolitisk møtestad som set retning for Vestland som Norges leiande kulturfylke. KULII skal vere tett involvert i korleis denne konferansen skal vere.
2. ~~Etablere årleg kyrkjekonferanse som møtestad for det regionale kompetansenettverket. Sjå vedtak i PS 6/2026 i KULII 20.02.2026. – «Punkt 3.2 vert stryke inntil ein får meir informasjon om kostnader mv.»~~
3. Gjennomføre utviklingsprosjekt for å styrke samarbeid mellom folkebibliotek og barnehage jf. tiltak i Leselyststrategien 2024-2030.
4. Etablere nasjonal digital infrastruktur for bibliotek i eit samarbeid mellom Nasjonalbiblioteket, andre fylkeskommunar og kommunar.
5. Utvikle betre samarbeidsstrukturar mellom folke- og grunnskulebibliotek for å styrke det heilskaplege bibliotektilbodet i fylket.
6. Etablere formidlingsnettverk for erfaringsdeling og prosjektsamarbeid på tvers av arkivinstitusjonar/fylkeskommunar.
7. Starte ei 4-årig forsøkskommuneordning knytt til organiseringa av Kommunearkivordninga i Vestland for å få ei meir saumlaus handsaming av eldre og avslutta arkiv, og ei enklare og meir effektiv organisering.
8. Samarbeide med universitets- og høgskulesektoren om bruk av kunstig intelligens i arkivføremål.
9. Delta i det nasjonale arbeidet med å utvikle fellesløysingar for tradisjonsmusikkarkiva i Noreg.

4. Verdiskaping

Kreativ næring, innovasjon, teknologi, digitalisering

1. Fastsette strukturen og utarbeide retningslinjer for nye tilskotsordningar på kulturfeltet i løpet av 2026.
2. Legge fram ny modell for offentleg-privat samarbeid om finansiering for KULII innan juni 2026.
3. Revitalisere kultursamarbeid med Skottland mellom anna gjennom å utarbeide «Memorandum of Understanding» med Edinburgh.
4. Samarbeide tett med hovedutvalg/avdeling for næring, plan og innovasjon t.d. om eit meir relevant verkemiddelapparat for kreative næringar, musikk, film, reiseliv og matkultur.
5. Samarbeide med Innovasjon Norge og BRAK om næringsutvikling innan musikk.
6. Satse på digital inkludering, digital kjeldekritikk og KI i folkebiblioteka.
7. Nominere arkiv knytt til kystkulturen i Vestlandet til «Norges dokumentarv», den norske delen av UNESCOs Memory og the World-program.
8. Digitalisere fylkestingsforhandlingane frå Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Nasjonalbiblioteket.

5. Utdanning og talentutvikling

Kompetanseheving

1. Styrke talentutvikling og fordjuping, og ta større ansvar for regionale fordjupningstilbod i kulturskulen.
2. Jobbe for fleire lærlingplassar, praksisplassar og hospiteringsordningar på kulturfeltet i samarbeid med forskingsinstitusjonar og kulturaktørar.
3. Legge til rette for at unge utøvarar kan kombinere satsing i idretten ved ulike vidaregåande skular og høgskular/universitet i fylket.
4. Utvikle regional læringsarena for tradisjonshandverk i samarbeid med vidaregåande skule og høgare utdanning.
5. Ta i vare utdanningsprogramma for musikk, dans, drama i vidaregåande opplæring.

6. Profesjonell og institusjonell utvikling

Kulturinstitusjonar, sterke fagmiljø, det frie feltet

1. Utreie høve for konsolidering av kulturorganisasjonar og -institusjonar for å skape eit sterkare og meir berekraftig fagmiljø.
2. Arbeide for realisering av Griegkvartalet, med staten som tydeleg bidragsytar.
3. Arbeide for å etablere eit Jon Fosse-senter i Strandebarm, Kvam herad.
4. Arbeide for å gje gode vilkår til det profesjonelle kunstlivet, mellom anna for at dei kan utvikle seg i eit internasjonalt kunstliv og marknad.
5. ~~Vidareutvikle distriktsmusikarordninga etter at høyring av evaluering er gjennomført. Sjå vedtak i PS 6/2026 i KULII 20.02.2026. – «Punkt 6.5 vert stryke i påvente av ny sak om temaet.»~~
6. Realisere Samlingssentrum Vestland, fellesmagasin for musea.
7. Opprette ei ny rådgjevarstillingar på bygningsvern ved Musea i Sogn og Fjordane for å sikre lik tilgang til rådgjevingstenester innan bygningsvern i heile fylket.
8. Bidra til etablering av forskingsnettverk Vestland for å styrke forskningssamarbeid mellom musea i Vestland.
9. Bidra til etablering av bygningsvernssentra i Vestland.

7. Kulturmiljø, friluftsliv og natur

Areal, berekraft, miljø, klima

1. Systematisere og synleggjere kunnskap om sosial og miljømessig berekraft i kulturfeltet, og utvikle relevante indikatorar i samarbeid med kommunane og kulturaktørane.
2. Slutføre arbeidet med kunnskapsgrunnlag om regionale kulturmiljøinteresser.
3. Styrke nasjonalt og internasjonalt kunnskapsarbeid knytt til verdsarven i Vestland.
4. Styrke satsinga på fonnearkeologi jamfør eit klima i endring.
5. Arbeide for at alle kommunar soknar til eit friluftsråd.
6. Styrke kompetanse om besøksforvaltning og berekraftig friluftsliv ved å utvikle faglege møteplassar og nettverk.
7. Kartlegge regionale friluftsområde og revidere kommunal og lokal kartlegging.
8. Samarbeid vidare om utvikling av berekraftige anlegg og grønne arrangement med Vestland idrettskrets og BIAA - nasjonalt nettverk for bærekraftig idretts- og aktivitetsanlegg.
9. Kartfeste og legge til rette gode ro- og padleopplevingar i samarbeid med kommunane, friluftsråda, Norges Padleforbund og andre relevante aktørar gjennom etablert prosjekt.

8. Kunnskapsutvikling og planlegging

1. Utarbeide eit betre grunnlag for politikkutforming på folkemusikkfeltet i samarbeid med aktørane.
2. Samle og systematisere kunnskap om festivalar som grunnlag for politikkutforming.
3. Gjennomføre prosjektet *Folkebiblioteket i lokalsamfunnet* i samarbeid med to fylkesbibliotek, eit folkebibliotek og OsloMet.
4. Auke satsinga på samarbeid om formidling av kulturstatistikk og -kunnskap for Vestland.
5. Vedlikehalde og publisere kartlegginga av bevarte privatarkiv i Vestland som eit felles og offentleg tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag for bevaringsaktørane i fylket.
6. Gjennomføre prosjektet *Kulturgeografisk registrering - eit Vestlandsarkiv*.
7. Gjennomføre prosjektet *Knutepunkt for kunnskap*, ei kunnskapsdeling om kulturlandskapet rundt Dagsturhyttene.
8. Samarbeide med Bergen kommune om barnefamiliepanelet - ei omfattande og regelmessig spørjeundersøking om barn og familiane sine fritidsvanar.

9. Omstilling og effektivisering

Auka politisk handlingsrom

1. Sørge for at nye tilskotsordningar reelt fører til konkretisert forenkling og redusert byråkrati i fylkeskommunen og hos dei som søker om tilskot.
2. Synleggjere korleis nye tilskotsordningar reelt fører til betre samordning og politisk handlingsrom.
3. Ta i bruk nye digitale verktøy for å gjere tilskotsforvaltninga enklare og meir effektiv, og undervegs synleggjere korleis ein sparar tid og ressursar på slik digitalisering.
4. Nå omstillingsmål i eigen organisasjon minimum i tråd med mål sett i fylkestinget, og helst utover desse måla for å frigjere midlar som kan gjere det økonomiske handlingsrommet større for KULII.
5. Gjennomføre og legge fram ein oppgåvegjenngang som synleggjer kva administrasjonen i KFO arbeider med, slik at ein politisk kan prioritere opp og ev. vekk oppgåver for å nyttiggjere seg ressursane i administrasjonen på best mogleg vis i tråd med politisk mål og vedtak.
6. Legge fram for KULII ei sak som viser venta naturleg avgang (t.d. avgang ved pensjon) dei komande åra.

Felles verktøy



Foto: Vidar Herre

Tilskotsordningar i kultursektoren

Avdelinga skal forvalte tilskotsordningar som støttar opp om dei ulike måla i regional plan for kultur. I 2025 vart tilskotsforvaltninga reorganisert for å gi betre oversikt og meir strategisk styring. Frå 54 ordningar i 2024 vart strukturen forenkla til 28 ordningar, organisert i tre hovudkategoriar:

Drift: Langsiktig støtte til organisasjonar og institusjonar som utfører oppgåver i tråd med regionale eller nasjonale interesser. Driftstilskot utgjør fylkeskommunen sitt viktigaste bidrag til finansieringa av kulturlivet.

Nyskaping: Prosjekt, utvikling, stipend og kompetanseheving som fremjar nye initiativ og samarbeid.

Investering: Bygg, anlegg og større prosjekt med langvarig verknad.

Kvar tildeling skal grunngjevast med forankring i dei fylkespolitiske måla på kulturområdet. For nokre sentrale institusjonar vert tilskot

ytt på grunnlag av samarbeidsavtalar mellom stat og kommune, eller slik det er fastsett av rammetilskot frå staten.

Fylkeskommunen forvaltar også fleire statlege tilskot til ulike føremål, til dømes freda kulturminne og fartøy, lokale kulturbygg, friluftsliv og arenaer. Her vert midlane fordelte i samsvar med retningslinjer frå aktuelle statlege organ. Desse statlege ordningane er kategoriserte på same måte som dei fylkeskommunale ordningane for å gje betre heilskapleg oversikt.

Alle tilskotsordningar er utforma og grunngjevne med klar forankring i dei fylkespolitiske måla. Det vert lagt vekt på samarbeid på tvers, sosial- og miljøberekraft, og hovudmål i regional plan for kultur om at alle skal kunne delta, oppleve og skape.

Enkelte tilskotsordningar er heilt eller delvis finansiert av staten, t.d. Regionalt kulturfond Vestland. Sjølv om formål er basert på ein statleg forskrift, er prioriteringar forankra i regional plan for kultur med handlingsprogram.



Foto: Martin Magnussen/Vestland fylkeskommune

Kompetanse- og kunnskapsutvikling

Måla det blir vist til nedanfor er fastsette i regional plan for kultur.

Som regional samfunnsutviklar satsar Vestland fylkeskommune på fellestiltak og kompetanseutvikling på kunst- og kulturfeltet og på å utvikle fleire og betre arenaer for samhandling og meningsutveksling. Det skal leggjast til rette for ein kunnskapsbasert kulturpolitikk. Utvikling av oppdatert og utvida kunnskap, i tillegg til formidling av denne kunnskapen er eitt av måla i regional plan for kultur (mål 4.1). Å utvikle kunnskap for å vurdere status og utfordringar på kulturfeltet er ein kontinuerleg prosess. Vi arrangerer eller er medarrangør av fleire konferansar og webinar, og deltar på andre samhandlingsarenaer (mål 4.4).

Fylkeskommunen ivaretar vidare samfunnsutviklarrolla ved å ta initiativ til samlingar av aktørar. Eit døme er den årlege fylkeskulturkonferansen som samlar aktørar frå fylkeskommunal og kommunal politikk, administrasjon og kulturfeltet.

Kulturutviklinga i Vestland må vere basert på kunnskap gjennom forskning og kunnskapsbaserte arbeidsmåtar. Vi skal satse sterkare på forskings- og utviklingsarbeid (FoU) i kommunane, fylkeskommunen og kultursektoren, og styrkje samarbeidet med akademia (mål 4.2).

Ein stor del av kulturfeltet driv med utviklingsarbeid som ein viktig del av si verksemd. Til dømes er musea i ein prosess der forskning blir ein stadig viktigare del av samfunnsoppdraget deira. Det finst potensial for meir samarbeid og nettverksaktivitet mellom forskarmiljøa og praksisfeltet. Slikt samarbeid kan føre forskingsinstitusjonane tettare på dei faktiske kunnskapsbehova og samstundes bidra til å spreie relevant forskning og ny kunnskap i kulturfeltet.



Nettverk og partnerskap

Foto: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nettverk og partnerskap er eit av dei viktigaste verktøya som fylkeskommunen skal nytte for å fremme samarbeid mellom viktige samfunnsaktørar og utvikle vellukka regionale satsingar. Slike partnerskap mellom ulike fagmiljø og kulturaktørar er avgjerande for å byggje og dele kompetanse.

Fylkeskommunen er fagleg involvert i nokre nettverk, og har også koordinerande roller. Andre nettverk og partnerskap vert i hovudsak støtta økonomisk.

Vestland har fleire gode faglege nettverk, som bidreg til kunnskapsutveksling og styrkar samspelet innan fleire fagfelt. Dette legg mellom anna til rette for tverrkunstnarlege og tverrkulturelle dialogar som styrkar kultursektoren i regionen.

Det er ei utfordring å sikre gode levekår for kunstnarar og kulturarbeidarar på Vestlandet. Bergen og Vestland har vore leiande i å opprette nettverksorganisasjonar som fremjar interesser og utviklar kompetanse for kunstnarar og andre kulturaktørar.

Organisasjonar som BRAK, Proscen, Tekstallianse, VISP og Harding Puls arbeider for å styrke medlemmene sine, mellom anna for å fremme deira kommersielle potensial.

Etablerte nettverk og partnerskap

Samarbeidskomiteen for frivillighet

Skal styrke og utvikle frivillig sektor i Vestland og er møteplass for deling av erfaringar, ressursar og kunnskap. Det er åtte paraplyorganisasjonar i samarbeidskomiteen, og Vestland fylkeskommune er sekretariat.

Nynorskfylket Vestland

Nynorskfylket Vestland er eit nettverk som jobbar for auka bruk og fremjing av nynorsk på alle samfunnsområde i Vestland fylke. Det er 21 partnerar representert i dette samarbeidet mellom profesjonelle-, frivillige-, private- og offentlege aktørar. Vestland fylkeskommune er sekretariat.

Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi

Vestland fylkeskommune er medlem av eit nasjonalt samarbeid om musikkterapi/musikk og helse der Universitetet i Bergen ved Griegakademiet har ei koordinatorrolle.

Arkivråd Vestland skal bidra til utvikling av arkivsektoren i Vestland, og vere ein arena for erfarings- og kunnskapsdeling mellom statlege, kommunale og privatarkivinstitusjonar i Vestland.

Vestland kulturvernnettverk – Kulturvernforbundet har som formålet å styrke ei felles stemme for kulturarven inn i politikk, utviklingsarbeid og tildeling.

Aktiv saman er eit samarbeidsprosjekt om integrering gjennom idrett og friluftsliv mellom idrettskretsen, turlag, fire kommunar og Vestland fylkeskommune.

Idrettsklynge Vest

Idrettsklynge Vest har som mål å styrke samhandlinga kring idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og -formidling.

Aktive Gamere

Eit ressurs- og kompetansesenter for dataspeling og e-sport, som fremjar trygg dataspeling og gode haldningar, samt styrkar e-sportklubbane sitt arbeid med talentutvikling. AG har ein tydeleg posisjon som brubygger mellom ulike lokale og nasjonale krefter knytt til e-sport og dataspeling.

Førebyggjande antidoping-arbeid

Samarbeidsavtale med Antidoping Norge om dopingførebyggjande arbeid i vidaregåande skular og lokalsamfunna i Vestland.

BIAA – nasjonalt nettverk for berekraftig idretts- og aktivitetsanlegg.

Fylkestinget vedtok i juni 2025 at Vestland skal vere ein del av eit nasjonalt nettverk som er sett saman av alle fylkeskommunane, ulike aktørar innan idrett, anlegg, friluftsliv og andre relevante samarbeidspartar.



Etablerte kulturtenester i VLFK

Måla det blir vist til nedanfor er fastsette i regional plan for kultur.

Det kulturelle skulesekken (DKS)

Vestland fylkeskommune har ansvar for å leggje til rette for og formidle kunst- og kulturtilbod til barn og unge gjennom Den kulturelle skulesekken (DKS).

Fylkeskommunen forvaltar ordninga og utarbeider DKS-program til grunnskulane i fylket (med unntak av skulane i Bergen), og til alle dei vidaregåande skulane. Gjennom DKS skal alle elevar få møte eit mangfald av kunst- og kulturuttrykk som fremmar deltaking og inkludering (mål 1.4). For å oppnå dette er det viktig å styrkje samarbeidet mellom kultursektoren og opplæringssektoren, og å involvere barn og unge i prosessane (mål 2.1). På den måten blir tilboda meir relevante og naturleg integrerte i skulekvardagen (mål 1.3).

I arbeidet med DKS blir det òg lagt vekt på rekruttering og bruk av lokale kunstnarar og kulturarbeidarar, noko som bidreg til å styrkje den lokale forankringa og stimulere til kunstnarleg utvikling i regionen (mål 3.3).

Fylkes- og distriktsmusikarane

Fylkes- og distriktsmusikarordningane skal styrke det profesjonelle og frivillige musikklivet, og sikre tilgang til profesjonelle musikkrefter i alle delar av fylket (mål 1.2).

Ung kultur møtes (UKM)

UKM er ein inkluderande arena der ungdom møtest for å utforske og dele ulike kulturuttrykk som musikk, dans, kunst, teater, film og meir. Gjennom lokale, regionale og nasjonale arrangement, får ungdom høve til å delta, inspirere andre og utvikle seg sjølv.

Vestland fylkeskommune følger opp kommunane i deira arbeid med lokale UKM-arrangement og gjennomfører kvart år UKM fylkesfestival for Vestland. Fylkeskommunen deltek også årleg på landsfestivalen med ungdom frå heile fylket .

Gjennom UKM bidreg ein til å fremje deltaking, mangfald og inkludering (mål 1.4 og 2.2). I arbeidet med UKM vert det lagt vekt på utvikling, læring og samhald, og medverknad frå ungdomar. På den måten bidreg UKM til utvikling av kulturlivet (mål 2.1) og til å skape opne og inkluderande kulturarenaer (mål 2.3).

UKM motverkar utanforskap (mål 2.2) og legg til rette for at kultur skal vere tilgjengeleg for alle, uavhengig av bakgrunn. Dette bidreg til å styrkje kulturell verdiskaping og rekruttering av lokale talent (mål 3.4)

Bibliotekutvikling

Etter Folkebiblioteklova §6 skal fylkeskommunen ta i vare regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling. Fylkeskommunen arrangerer kurs og kompetansehevande tiltak for bibliotektilsette i fylket (mål 3.4.), og gjennomfører utviklingsprosjekt i samarbeid med kommunane (mål 1.3 og 2.4). Dette inkluderer tilrettelegging av kompetansehevande nettverk (mål 4.4) og internasjonalt arbeid og prosjekt (mål 4.3). Fylkeskommunen gjev råd til kommunane som bibliotekeigarar og yter fagleg rettleiing og assistanse på bibliotekområdet (mål 1.2).

Regional plan for kultur har som mål å fremje berekraftig kulturell infrastruktur (mål 1.4) og opne, inkluderande kulturarenaer (mål 2.3). Fylkeskommunen administrerer og delfinansierer ei transportordning mellom biblioteka i fylket, i tillegg til digitale bibliotektenester. Tilskot på fagfeltet støtter opp under biblioteket som arena, inkludert mobile bibliotektenester og meiroopne bibliotek.

Bibliotek skal vere arena for kultur, litteratur og lesing, kunnskaps- og læringsarena, og møtestader og arena for samtale og debatt. Demokrati, deltaking og mangfald (mål 2.1 – 2.4) er berande prinsipp for bibliotektenester og -utvikling i fylket

Arkiv

Arkiva er viktige demokratiske og administrative ressursar for innbyggjarane i Vestland og for Vestland fylkeskommune. Opne og tilgjengelege arkiv bidreg til effektiv sakshandsaming og oppfyller sentrale rettar forankra i Grunnlova gjennom at innbyggjarane kan etterprøve styresmaktene. Gjennom open dokumentforvaltning og tilgjengeleggjering av historisk arkivmateriale frå offentleg og privat sektor i Vestland vert deltakinga og medverknaden i demokratiet vårt styrka (mål 2).

I 2025 vart nytt arkivbygg på Leikanger teke i bruk og temaplan for privatarkiv vedteke. Dette gjer fylkeskommunen i betre stand til å arbeide aktivt og planmessig med å samle inn/verne fleire privatarkiv.

Samarbeid på tvers av aktørar med mål om å forbetre den digitale infrastrukturen for formidling og tilgjengeleggjering av arkiv, er òg sentralt i arbeidet (mål 2.4 og 4.2). Vestland fylkeskommune har i fleire prosjekt og tiltak ei koordinerande rolle på feltet for å sikre kunnskapsdeling og utvikling av felles tenester aktørane imellom. Det er etablert tre regionale fagnettverk for privatarkiv, fotobevaring og tradisjonsmusikkarkiv.

Kunnskapen om Vestland ligg hjå vestlendingen. Derfor er det viktig å stimulere til at frivillige kan bidra inn i arkiva, slik at deira kunnskapar vert tekne vare på for ettertida. Det satsast på å vidareføre samarbeidet med frivilligheita innan arbeid med lokal historie, tradisjonsuttrykk og kulturminne. Gjennom å både tilby publikumsløysingar i digitale tenester, og opne lesesalar der ein kan møte fagpersonar opnar ein for å utjamne ulikskapen mellom innbyggjarane, og byggje eit likeverdig tilbod til fleire (mål 1.3).

Kulturarv

Vestland fylkeskommune er forvaltingsstyresmakt med mynde heimla i kulturminnelova, og skal ivareta ei rekkje statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet. Blant desse er kulturminne i arealplansaker i fylket, forvalting av freda kulturminne, forvalting av fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar, rettleiing og råd til kommunar, organisasjonar og private eigarar.

Arkeologisk registrering

Arkeologiske registreringar vert gjort for å sikre at viktige kulturminne, og kunnskapen dei gir oss om fortida, vert tekne omsyn til i samband med utbyggingar og andre tiltak som påverkar landskapet (mål 3.2). Dei arkeologiske undersøkingane gir oss ikkje berre ny innsikt i historie og levemåte, men skaper også grunnlag for forskning, formidling og identitetsskaping i lokalsamfunna våre. På denne måten vert kulturarven ein ressurs for heile samfunnet.

Planarbeid

Vestland fylkeskommune har eit lovpålagt ansvar om å støtte kommunane i deira planlegging. Gjennom plan- og bygningslova skal fylkeskommunen bidra til at lokale planar blir gode, heilskaplege og i tråd med regionale og nasjonale mål. Dette gjeld både for samfunnsplanen, arealplanar og temaplanar.

I 2025 har Vestland fylkeskommune styrka rolla si som regional samfunnsutviklar ved å gi kommunane målretta rådgjeving og rettleiing om kultur og folkehelse i planlegginga, i samsvar med Regional plan for Kultur 2023-2035.

Fylkeskommunen gir kommunane råd og rettleiing om mellom anna korleis kultur, frivilligheit, kulturarv, friluftsliv, idrett og folkehelseperspektiv kan integrerast i planane frå starten av. Dette sikrar at viktige interesser ikkje blir oversett i den kommunale samfunnsplanlegginga.

Gjennom kurs, seminar, rettleiingsmateriell og fagleg støtte hjelper fylkeskommunen kommunane med å ta gode val som styrkar kulturfeltet og medverkar til eit tydeligare fokus på berekraftig arealforvaltning, folkehelse, møteplassar og inkludering.

Planlegging er nøkkelen til berekraftig utvikling. Når kulturfeltet blir integrert i arealplanar og den strategiske samfunnsplanlegginga får Vestland eit samfunn som er både funksjonelt og godt å leve i – med identitet, trivsel og helse for innbyggjarane.